


Bøker frå Ivar T.Dahl



Glimt av Tuddal
før i verden

At Ivar Dahl har gått med planar om å gjere noko ut av den kunnskapen han gjennom åra har samla om Tuddal før i verden, var noko mange visste. Men at resultatet skulle bli ei bok av slik høg kvalitet og kvantitet, kom likevel som ei overrasking - til og med på dei som var innvigde i planane.



Kulturarv og folkeminne frå
Hjartdalsbygdene.

Denne boka gjev lesaren innsyn i livet til dei som gjekk føre oss, frå fjern oldtid til nær fortid. Farne tider der mystikk og gamal folketru knugar folket, men med eit hav av kunnskap vi i dag har gløymt.

Den rikt illustrerte boka med bilde frå 1880-2003, tar deg med tilbake til ei anna og ukjent verd – "før i verden." Kan hende finn du



Kulturarv og tradisjon i
hjartdalsbygdene

Vi står på skuldrene til dei som gjekk føre oss. Vi strekker oss mot å gjere det betre enn dei - Gjer vi alltid det?

Dette er tredje og siste boka i det dokumentariske praktverket om hjartdalsbygdene - før i verden. Bøkene har blitt til for at den rike, folkelege kulturarven og



Lesebok for deg og meg

I denne fjerde kulturhistoriske praktboka er det bygdemålet det gjeld. "Vil du høre ekte bygdemål i Øst-Telemark, må du gjøre det nå," er sjølve bakgrunnen for den nye boka. Interessante og til dels underholdande språkprøver frå dialektområdet Sauherad grense og til Ambjørndalen og Bondal, finn du i den rikt illustrerte boka. Folketradisjonen i bygdene våre er mangslungen og spenstig. Her

Boka er grundig omtala av Anne H.Wagn i Telen, så vi vil berre oppmode folk om å skaffe boka fortast råd.

Vi bruker heller plassen til nokre små utdrag.

Smaksprøver:

Først eit par bjønnesoger:

Olav Åkre f. 1850 i Bondal var ein god bjønneskyttar. 18 bjønnar skal Olav ha felt med børsa si. Men for kvar bjønn miste han ei kyr. Dei trudde bjønnen hemna seg på han på den måten.

Den siste bjønnen skaut Olav i Horsdalen nordafor Reisjå. Det er "skellen" av denne som heng på loftsveggen i Åkre i dag. Han må ha skote bjønnen frå sida, for kuleholet syner tydeleg under øyra. Soneson Olav T. Åkre meiner dette var sist i 1890-åra, og våpenet var munnladningsbørse. Da galdt det å råke på første skotet, det var ikkje så "snegt" (fort) å lade om.

Sigurd Kultan fortalte om denne

att noko du har mista eller møter menneske du kjenner deg i slekt med.

Forfattaren, Ivar T. Dahl, har tilrettelagt Tov Reisjå (1865-1938) si unike folkeminnesamling for folkelesnad. Stoffet er henta frå Hjartdalsbygdene i øvre Telemark: Tuddal, Hjartdal og Sauland, men sprenger desse grensene. Boka inneheld personlege tankar, erfaringar og opplevingar som både samlar og forfattar har hatt i særprega bygder.

I tillegg til dette – eit fargerikt mangfald i bilde frå bygdeliv og kultur i dei vakre Hjartdalsbygdene.

Kjenner du draging og blir med? Her er eit par smaksprøver frå boka:

Smaksprøver:

Kjetil Myrjord drap hesten

Kjetil Myrjord hadde eit hissig gemytt, men han var så rik. Kjæringa hans, «Myrjordtinnska,» sa at der var likså mykje pengar som der var høy, bare setlane var

tradisjonen i bygdene våre ikkje skal bli gløymt. Snarare vere eit av fundamenta for framtida i tre levande telemarksbygder: Hjartdal, Tuddal og Sauland. Men også denne boka sprenger bygdegrensene. Det aller meste av den facinerande saga har aldri før vore kjent blant folk flest. Boka er rikt illustrert med 500 bilde frå 1880 til 2005. Velkommen inn i ei anna verd - før i verden!

var det kunstnarane fann kjeldene, og her er det ennå i år 2007 vi finn delar av Telemark på sitt beste. Ivar T. Dahl fortel at han har hatt stor nytte av Hjartdal historielag sitt arkivmateriale, m.a. lydbandopptak gjort av Alf Mostue og John O. Bøen. Likeins den eineståande bildesamlinga etter billedkunstnaren Chr. Stenersen i Hjartdal. Du kan derfor glede deg til ei ny kulturhistorisk reise tilbake til ei tid som dei fleste bare har i draumen.

hendinga: "Ola Åkre o Kjetil Bondal va ein gong på bjønnejakt. Dem ha sett ein bjønne i Horsdalen onde Bonsnås der ve Reisjå, o så sku nå Ola og Kjetil skote på'n. Dem såg bjønneren kåm ne'over o la seg upp på ei helle - den ha ein gvit flekk i bringa. Dem skaut båe to, o bjønneren blei liggjande der på hella. O så blei dem uvener fe da dem sku flett'n så va de bære eit kulehåll o sjå. O båe ville vørå den som ha skote bjønneren. Men så ha dem treft på samre stella. De visa seg da dem skar upp bjønneren - kulun ha gjinji litegrann på skråss, så dem va nåkk like goe om den bjønneren".

Budeia på Grønlistulen sende ein gong bod på Halvor Gyving (1825 - 1910), om han kunne få has på ein bjønne. Gyvingen var visst ikkje vond å be på. Det barst beine vegen mot Grønlihøvda, og stulfsfolket høyrde smellen da han skaut bjønneren. Ei lita beite etter smellen kom Gyvingen i fullt sprang ned frå høvda og beint inn i stulsbua. Der ladde han om

ikkje så lange. Nei, det var slik ein underleg kar, den Myrjorden. Gilde hestar hadde han jamt, to hestar, men han pløgde ikkje som andre. Han sette fora utfor. Da sa folk at han gjorde så gale, han drog molda nedover.

Men så var det ein gong han var i Haugen. Det hørte til Myrjord den gongen. Kjetil støyte (hogg) på ei stor osp, den største han fann. Så skulle guten kome etter med hesten. Han styrte unda så ikkje hesten kom i vegen for treet. Men Kjetil hadde andre planar, han var så sinna på gampen for han aldri stod still. Han støyte treet tvert over ryggen på hesten så han var kvitt han med det same.

Ola Grasåsen blei trolla i Sverige

Ola Torkjellson Grastjønnåsen var på mønstring til Malmø. Ei svensk dame blei så glad i den staute tuddølen at ho søkte om å få lov for han til å bli att i Sverige. Men det kunne dei ikkje gje løyve til. Svenska var ei bråsinna jente, og ho lova at måtte ikkje ho ha godt av han, skulle heller ikkje andre.

Det var fleire med frå heimbygda,

"ifell" (i tilfelle) han hadde bomma. Så drog han opp på høvda att for å sjå etter bjønnen. Men han hadde råka godt med første skotet. Bjønnen låg stein daud.

Så blei det trygt for budeia på Grønlistulen att.

Mange bygdefolk har fått sin plass i boka. Dahl skildrar dei med både respekt og humør. Her litt om ein av dei markerte skikkelsane i Tuddal i nyare tid:

Kjetil Sud-Rue (1906-1996) også kalla "Su-Ruen" eller "Myllarguten" var ikkje skåren for tungebandet. Torkjell Sudistugu Hovde var morbror hans. Da han møtte for presten Tisthal til "masjon" (konfirmasjon) spurte Tisthal: "Og nu min gode Kittil, når er så du født til denne syndige verden"? "Toogtrædevte oktober nittenhondroseks", svara Kjetil. "Men det er da ikke 32 dager i nogen måned"? "De va de den gongen"! Kjetil var fødd 23. oktober, så det var ikkje så langt unda.

og på båten heim att såg dei at han blei så rar. Ola hadde drive med fehandel før, og han tok på å vase vilt. Seinare var han rørete all sin dag, så han måtte ha formyndar. «Han er mykje galen, Grasåsen, eg va redd han i dag», sa Jon Bondal da han hadde vore til han.

Ola hadde ei søster i Åsen som var gift med Sigurd. Han var ofte der. Ein gong for det fem skrubbar seint om kvelden på vegen til Grenholtet, ei jente snudde og blei i Åsen til morgenen. Ola Grasåsen var der og, og dei bad han hefte til neste morgon. Men han vyrde ikkje udyra. Han strauk heim til Grasåsen.

Ein gong var han på nabogarden, Dalen. Så gav ein av gutane der seg til å stire på Grasåsen. «Sjå der stend den gutongen og trøllar på meg», sa han. «Du skjønar vel det at ein gut slik er for liten til å trølle», sa faren. Da slo han om med eitt, og han var like blid.

(Kjetil Myrjord levde frå 1776 til 1853)
(«Myrjordtinnka,» Aslaug Olsdotter var frå Hegard i Tinn)

(Ola Grasåsen levde frå 1797 til 1873)

Kjetil meinte stundom at han hadde kontakt med Vår Herre: "Eg va på Flugonfjelle, eg hørde de ropa: Kjetil, o tenkte de va Vårherre, men eg lest som eg eller hørde. "

"Kjetil, sa de".

"Ja, her è eg".

"Du bli gåmmål du".



"Ja, eg veit de".

Bøkene er tilsalgs i lokale bokhandlar.

Kan også bestillast direkte frå

Ivar T.Dahl Stivivegen 73 3677 NOTODDEN

itorda@online.no

Pris: 500,- for ei bok

900,- for to bøker

1350,- for tre bøker
